

Vedlagt er utfylt skjema over grøntanlegg av mogleg nasjonal verdi i Hordaland.

Nokre generelle kommentarar til skjemaet:

I dei grøntanlegga som alt er freda, har me ikkje prioritert å fylla ut kolonnen vurdering. (er dei alle implisitt «svært viktig»?). Det er heller ikkje alle lokaliteter i tabellen som kan reknast som grøntanlegg; desse er heller ikkje kommentert vidare. I tabellen me fekk frå RA, er det tatt med ein del grøntanlegg som ikkje er henta frå Askeladden (ID 1-26). Men dei aller fleste av desse er dei same som står med Askeladden-ID lenger oppe i tabellen, og for desse dobbelttoppføringane har me difor ikkje lagt inn fleire opplysningar.

Eit viktig poeng ved mange av grøntanlegga på lista, er at dei er del av ein heilskap saman med bygningane på eigedomen. Hus og hage bør her vurderast, og eventuelt fredast, under eitt. Det betyr òg at grøntområde kan inngå i mange kulturminne som høyrer til dei andre prioriterte hovudtema i fredingsstrategien.

Ein kategori som me ikkje har gått djupt inn i, er større område med eit «grønt» preg, som villastrøk, hagebyar og drabantbyar. Her er stort sett heilskapen meir enn enkeltdelane verdifull, og ein meningsfull heilskap vert ofte ganske omfattande i areal. Her trur me at freding berre unntaksvis vil vera eit tenleg verkemiddel for å ta vare på områda. Me har heller ikkje tatt føre oss kulturlandskap i landbruket. Her kan det finnast verdifulle kulturmiljø, t.d. gamle frukthagar, som òg kan reknast som grøntområde.

Ein generell kommentar til arbeidsmåten er at det for oss synast noko bakvendt å ta utgangspunkt i kjente enkeltminne, dersom målet er ein systematisk representativitet: det er dei kulturminna som alt er kjente som då kjem med på lista, og det er som oftast dei særleg store/påkosta/uvanlege/sentralt plasserte, medan dei typiske, vanlege eller meir smålåtte grønne kulturminna vert underrepresenterte.

mvh

**Erlend Hofstad**

Spesialrådgjevar | Fagkoordinator fartøy- og bygningsvern  
Kultur- og idrettsavdelinga | Fylkeskonservatoren



Tlf: 55 37 80 24

[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)